Arbeidsgjevarpolitikk

for

Kviteseid kommune

Hovudprinsipp

- Kviteseid kommune byggjer sin arbeidsgjevarpolitikk på eit positivt menneskesyn og hovudprinsippa om eit inkluderande arbeidsliv (jfr IA-avtala).
- Samhandlinga skal pregast av ein open og ryddig dialog bygd på gjensidig tillit, respekt og lojalitet.
- Medarbeidarane har høve til medverknad på eigen arbeidssituasjon.
- Ansvar og oppgåvefordeling mellom politikarar, leiarar og medarbeidarar skal vera tydeleg.

Kva er arbeidsgjevarpolitikk?

Arbeidsgjevarpolitikken er dei verdiar og virkemiddel som kommunen som arbeidsgjevar brukar i samhandlinga med dei tilsette for å nå dei mål som er sett for den kommunale verksemda.

Mål for arbeidsgjevarpolitikken:

- Leggje til rette for ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til brukarane våre.
- Styrkje og utløyse det menneskelege potensiale i organisasjonen.
- Gjera kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar.
- Gjeva grunnlag for trivsel og utvikling for den einskilde medarbeidar.

Roller og ansvar:

Kviteseid kommune skal ha tydelege og forpliktande retningslinjer arbeidsgjevarpolitikk for sin. Våre medarbeidarar skal oppleve kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk som samstemt og konsekvent for alle.

- ***Dei folkevalde*** har det overordna ansvaret for utforming av mål og prinsipp for arbeidsgjevarpolitikken. Dette skal gjerast gjennom å vedta økonomiske rammer og resultatmål for den totale kommunale verksemda.

- ***Leiarar*** på alle nivå har ansvar for å informere sine medarbeidarar slik at innhaldet i arbeidsgjevarpolitikken og dei overordna mål for verksemda vert gjort kjent og praktisert, på alle nivå i organisasjonen.

- ***Den einskilde medarbeidar*** har ansvar for å bidra aktivt til gjennomføring av dei mål som er sett, og aktivt bruke dei ordningar som er etablert for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

- ***Dei tillitsvalde*** og vernetenesta har ansvar for ta vare på dei tilsette sine interesser og bidra aktivt til eit godt arbeidsmiljø gjennom ein ryddig og konstruktiv dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Oppgåver:

Dei folkevalde skal:

- Utforme premissene for ein god arbeidsgjevarpolitikk gjennom klare vedtak av mål og prinsipp for kommunen si verksemd ved rullering av:

    - Kommuneplanen
    - Kommunen sitt handlingsprogram
    - Kommunen sin økonomiplan og budsjett
    - Kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk

- Mål og resultatkrav for kommunen sine leiarar

Leiarane på alle nivå skal:

- Aktivt utøve arbeidsgjevarpolitikken ved å:

  - Leggje til rette for god informasjon og dialog med sine medarbeidarar (personalmøte, informasjonsskriv m.m.).
  - Formulere klare mål og resultatkrav slik at den einskilde medarbeidar kjenner leiaren sine forventningar og har den naudsynte forståing for å løyse sine arbeidsoppgåver.
  - Stimulere til ein bedriftskultur som fremmar utvikling, omstilling og brukarorientering.
  - Kommunisere mål og resultat til den einskilde medarbeidar gjennom årlege medarbeidarsamtaler.
  - Utarbeide og rullere naudsynt planverk for sitt ansvarsområde i samarbeid med sine medarbeidarar.
  - Legge til rette for at den einskilde medarbeidar skal kunne utvikle sin kompetanse i tråd med dei krav som arbeidet stiller.
  - Formidle oppnådde resultat internt i kommunen.
  - Sikre gode arbeidstilhøve for sine medarbeidarar m.a. ved å leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø som fremmar glede og trivsel.

Medarbeidarane skal:

- Bidra aktivt til å nå dei mål som er sett for eiga eining ved å:

  - Aktivt søkje informasjon og gjera seg kjent med mål og planar for eiga eining.
  - Vera kvalitetsmedveten og bidra aktivt til betring av kvaliteten på den tenesta som skal leverast.
  - Setje brukarane i fokus.
  - Fremje alle saker på ein ryddig måte; primært gjennom tenesteveg, sekundært gjennom vernetenesta og arbeidstakarorganisasjonane.
  - Dele sine kunnskapar, idear og erfaringar med sine kollegaer.
  - Delta aktivt i arbeidet med å utvikle eit godt arbeidsmiljø.

Tillitsvalde og vernetenesta skal :

- Medverke til gjennomføringa av arbeidsgjevarpolitikken ved å representere arbeidstakarane på ein ryddig og konstruktiv måte i dialogen med arbeidsgjevar.